



Torunn Abrahamsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1041 - 14/12340

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

26.05.2014

Løyve til dispensasjon og løyve til etablering av flytebrygge på gbnr 244/37 Eidsnes indre

Administrativt vedtak. Saknr: 084/14

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av flytebrygge på 11,5 m² i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 31.01.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Kommunen gjev dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 11-6 jf rettsverknad av kommuneplanens arealdel og § 1-8 vedrørende forbod mot tiltak i og langs sjø og vassdrag, jf § 19-2.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av flytebrygge knytt til eksisterande kai og dispensasjon i frå både planformålet samt bygging innafor byggegrense mot sjø. Det er søkt om dispensasjon og denne er grunngeve i samsvar med krav satt i Pbl § 19-1.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Uttale frå andre mynde

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er ikkje innkome merknader i frå andre statlege mynde.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av arealdelen av kommuneplanen vedtatt 22.09.2011.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2, jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Kart som syner ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Dispensasjonar

Det er eit føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal derfor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Det er søkt om dispensasjon frå arealformålet i arealdelen av kommuneplanen. Tomta er i dag sett av til LNF-føremål. Det er også søkt om dispensasjon i frå pbl § 1-8 vedkomande bygging innafor 100-metersbelte i frå sjø og vassdrag.

I søkjer har lagt vekt på at ei flytebrygge vil betre tilkomst til båt i frå land, grunna stor tidevannsforskjell.

Dispensasjonsøknaden vart supplert med eit tilleggsskriv datert 13. mai.2014. I dette er det lagt vekt på at det i området er fleire større flytebryggjer, som er større enn omsøkte flytebrygge. Dette tilleggsskrivet er vurdert som ein del av søknad om dispensasjon, difor vert dette også vurdert opp mot kommunens adgang til å gje dispensasjon.

Intensjonen bak byggeforbodet innafor 100-metersbeltet er i følge forarbeida til plan- og bygningslova å sikre allmenn ferdsel, friluftsliv og rekreasjon, samt vern av biologisk mangfold, kulturminner og sikre estetiske omsyn og landskap. Kommunen har i arealdelen til kommuneplanen gjort ei kartlegging av funksjonell strandsone i kommune, der overnemde moment er vurdert særskilt.

Området Eidsnes og Eikangervåg vurderast som tilgjengeleg i store deler av området. Særskilt området kring omsøkte tomt er strandsona lett tilgjengeleg for allmenne. Området er delvis nedbygd med hytter, naust og bryggjer, medan mykje av dei attraktive areala kan nyttast av alle.

Administrasjonen stiller seg i utgangspunktet ikkje positiv til flytebyggjer da desse ofte er til inder for allmenn ferdsel i sjø. Det er heller ikkje ønskeleg i sjølandskapet, der felles kaianlegg er å foretrekke.

I omsøkte området er det i dag relativt mange flytebyggjer. Dette skaper naturleg nok ein forventning om å kunne etablere flytebyggjer på eiga tomt. Så langt administrasjonen kan sjå er desse områdene framleis tilgjengeleg, og graden av privatisering i strandsona relativt lav.

Administrasjonen vurderer at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides, da området er allmenn tilgjengelig og graden av privatisering held seg lav sjølv om kommunen opner opp for dispensasjon i dette tilfellet.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

Oppsummering og konklusjon

Det er søkt om etablering av flytebrygge i tre. Det er søkt om dispensasjon i frå tiltak i sjø og dispensasjon i frå planformålet som er LNF. Administrasjonen har vurdert søknad om dispensasjon opp i mot kommunens kartlegging av strandsonen og kommunens adgang til å gje dispensasjon, og finn å kunne godkjenne søknad om dispensasjon. Dette vedtaket omfattar også løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova.

Gebyr

Søknadspålagt tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
10.2.6 flytebrygge inntil 15 m2		3.700
9.1.1 Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsonen	1	8.500
Totalt gebyr å betala		12.200

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fv1. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torunn Abrahamsen

Wilhelm og Torunn Abrahamsen

Rollandslien 110

5115

ULSET